

# Ei ny kvinne i spegelen

**Då Ingunn Vågen (39) kom ut frå Haugesund Plastikk Kirurgi, var ho kvitt seks kilo med hud og fett. Det hjelpte på humøret.**

– Folk er så redde for å fiksa på seg, seier Ingunn Vågen frå Husnes. Sommaren 2007 tok ho steget ut, og fekk gjennomført den største operasjonen Haugesund Plastikk Kirurgi tilbyr: Mageplastikk med fett-suging.

– Eg hadde lova meg sjølv å ta ein slik operasjon før eg vart førti år, fortel Vågen. Ho har alltid vore ivrig på å trenar og å halda seg i form, men etter to graviditetar var det umogleg for henne å stramma opp magen.

– Ingunn sine magemuskular hadde sklidd frå kvarandre, og same kor mange mageøvingar ho tok, let dei seg ikkje trenar opp igjen, forklarer konsulent ved Hau-

gesund Plastikk Kirurgi, Linda Bu Paparazzo. Vågen opplevde dei ekstra kilo som ei hindring i kvardagen. Legen hadde gjeve henne rett til operasjon på medisinsk grunnlag, men etter å ha venta lenge utan å få koma gjennom, gjekk ho heller til ein privat klinikk.

**Prega sjølvtiliten**  
Etter at magen var feittsogen, skulle den ekstra huden fjernast – og dei øydelagde magemuskulane skulle endeleg syast saman igjen.

– Klart eg var engstelig på førehand. Men eg var bestemt på å gjennomføra det, seier Vågen. Den tunge magen gav 39-åringen ryggeproblem, og gjorde at ho ikkje kunne vera like aktiv som ho ville.

– Å ha ein slik magekjennest som å ha ein sekk surra fast på seg. Dessutan prega det sjølvtiliten min, og eg viste meg til dømes aldri offentleg i bikini, seier Vågen.

Etter operasjonen

hadde Husnes-kvinna overraskande lite smerter, men ho kjende seg om og måtte ta det roleg ei stund for mellom anna å unngå infeksjonar. Sakte men sikkert grodde arret, og i spegelen kunne ho sjå seg sjølv med ein ny kropp. Etter å ha kika mange gongar, skjønta ho at kvinna der inne var ho.

”  
**Å ha ein slik magekjennest som å ha ein sekk surra fast på seg**

Ingunn Vågen

– Eg hugsar godt den dagen eg kom tilbake på klinikken for kontroll. Eg hadde teke på meg høge støvletter og innsvinga jakke, ler Vågen. Framleis får ho kompliment frå folk i bygda, ikkje minst for den nye, rake kroppshaldninga

ho har fått i etterkant av operasjonen.

– Mannen min merkar forandringa i humøret mitt godt, og meiner me aldri har brukt pengane våre meir fornuftig, fortel Vågen.

**Meir aksept**

Linda Bu Paparazzo fortel at plastikk kirurgi stadig får meir aksept mellom folk flest.

– Dersom nokon mistar ei tann, så går dei jo til tannlegen og får fiksa på ho, på same måte som folk kjem til oss for å få fiksa på ting. Samstundes er ein plastisk operasjon ei stor avgjerelse ein ikkje skal ta lett på, seier ho.

Paparazzo understrekar at dei ikkje gjer inngrep på alle som ønskjer det.

– Professor Pavel Brychta, som utfører operasjonane hos oss, ønskjer å vera stolt av arbeidet sitt og opererer berre på folk når det er medisinsk forsvarleg. Nokre gongar finn me ikkje grunnlag for å ta ein operasjon, og er nøydd til å seia til folk at du er flott som du er, seier Paparazzo.

I dag klarar Ingunn Vågen knapt å sjå på biletet av seg sjølv som vart teke rett før operasjonen.

– Når eg ser biletet tenker eg at det der kan ikkje vera meg.

IRENE ØVSTEBØ TVEDTEN  
irene@sunnhordland.no

FOTO: HENRIK MUNDAL  
ANDREASSEN

## Haugesund Plastikk Kirurgi AS

- Datterselskap av Klinikken Haugesund
- Har utført plastisk kirurgi i 3 år
- Prof. Pavel Brychta utfører alle operasjonar
- Har mange kundar i Sunnhordland
- Tilbyr: Ansiktsløft, Panneløft/augebrynsløft, Naseoperasjonar, Brystoperasjonar, Fettsuging, Mageplastikk, Øyrekorreksjonar, Fjerning av arr/taoeringar



Etter to graviditetar ville ikkje magen til Ingunn Vågen bli flat igjen. Ho valde å operera seg, og kjende seg godt ivareteke av plastikk kirurgi. Her sit ho saman konsulent Linda Bu Paparazzo.



Ingunn Vågen er kvitt tre kilo hud og tre kilo fett, tilsvarande seks sukkerpakkar som dette.



Før:



Etter:

## Uroleg for overvektige bygdebarn

Mykje tyder på at fedme problemet er større blant bygdebarn enn det er hos barn som veks opp i byane.

I ein kronikk i Aftenposten tysdag skriv forskarane Bjørn Egil Flø, Reidun Heggem, Johan Fredrik Rye og Gjertrud Stordal at fleire nye forskingsrapportar tyder på at barn i Bygde-Noreg slit meir med vekt og står i større fare for å utvikle livsvarige helseproblem enn barn som veks opp i byane.

Éi undersøking viser ein klar geografisk skilnad i fedme problemet. St. Olavs hospital i Trondheim gir opp at over halvparten av barn som får behandling for overvekt hos dei, bur i bygdesamfunn.

– Eg er litt overraska, for vi tenker at ungane på bygda er aktive. Dette bekymrar meg, seier leiaren for Norges bygdekvinneleg, Kathrine Kleveland til Nationen. Forskarane peikar på lågare utdanningsnivå på

bygden, noko som kan bety mindre grad av medvit rundt mat og helse. Også køyring av barn til skule og fritidsaktivitetar bidreg i feil retning.

– På bygda har mange hatt fysiske arbeidsvanar som har gjort det mogleg med litt anna kosthald utan at det har blitt eit problem. Dette har endra seg, med nye hjelpemiddel og teknikk, og dermed tåler ein kanskje ikkje denne kosten lenger, seier ho. (©NPK)

